

BAKSIDA

TIPS OSS! **916 20 916**

nordhordland.no

Send gjerne bilde, tekst og video frå der du er. E-post: redaksjonen@nordhordland.no

Tlf: 56 35 55 55 Tipstelefon: 916 20 916. SMS/MMS: NHTIPS til 2005

Les Nh+ på nett. Registrer deg på nordhordland.no for å få tilgang.

Stortingskandidatane lovar meir straum til Mongstad:

- Ikkje raskt nok, meiner Tveito

Det hastar å få meir kraft til Mongstad om ein vil ha meir utvikling i området. Alle politikarane var måndag einige om at krafta må fortare fram, men korleis det skal gjerast er eit anna spørsmål.

SYNNE GRIMEN HAMMERVOLL
synne.hammervoll@nordhordland.no

Straumnettet i Nordhordland har ikkje nok kapasitet til alle industriaktørane som vil etablere seg i regionen. Får dei ikkje det, kan Nordhordland hamne bakpå i det grøne skiftet.

- Det vil vere svært dramatisk. Vi må vere med på det grøne skiftet, for alternativet er massiv arbeidsløyse, sa Baste Tveito til Avisa Nordhordland i helga.

Måndag kveld vart temaet tatt opp i valdebatten til Avisa Nordhordland og Strilabibliotektet.

Spørsmålet går ikkje berre på korleis ein skal få meir kraft til Mongstad, og kor raskt, men også kvar den skal kome frå.

Vil ha kraft i sjøkablar

Lokalt er politikarane allereie samde om at vindkraft i Nordhordland er uaktuelt. Det var også politikarane i valdebatten samde om. For fleire er det også uaktuelt å byggje ut meir vasskraft.

- Vi ønskjer å få meir ut av den vasskrafta vi har, for det går an å oppgradere. Det er ein kostnad med det, men den kostnaden må vi ta. Vi vil ha kraft, vi vil ha energi. Alle ønskjer det, seier Astrid Aarhus Byrknes (KrF).

Ho meiner også at ein må sjå på eige straumforbruk, og fortel at då ho budde i Sør-Amerika, måtte dei betale dyrt for alt ein brukte av straum.

- Her sløsar vi og brukar ak-



Baste Tveito er klar på at straumen blir viktig når Nordhordland skal omstille seg. Difor må arbeidet skje raskare enn politikarane lovar.

FOTO: KAROLINE NORDGULEN



Dei ni politikarane som deltok i debatten måndag, var alle samde: Mongstad skal få meir straum innan 2026.

(FOTO: SYNNE GRIMEN HAMMERVOLL)

kurat som vi vil. Eg seier ikkje at vi skal slutte å dusje kvar dag, men vi kan moderere oss og bli flinkare til det.

SV ønskjer verken vindkraft, meir vasskraft, og seier stort sett nei til nye kraftlinjer. Korleis skal ein då få meir straum til Mongstad, er spørsmålet debattleiar Sølve Rydland stiller til SV sin kandidat, Sara Bell.

- Sjøkabel frå Sogndal, svarar

ho kjapt.

Ho seier også at ein kan få meir ut av eksisterande vasskraft, og at ein kan sjå på forbruk. Både ho og Byrknes har også dratt fram solenergi som ei løysing.

Sara Hamre Sekkingstad (Sp) trekkjer fram at ei av utfordringane er flaskehalsane på kraftlinjene.

- Nettkapasiteten i Nord-

hordland, med Modalen, Mongstad og Kollsnes er godt nok dimensjonert, men flaskehalsane må ordnast. Anten inn til Fana eller til Modalen.

Desse må utbetrast eller oppgraderast, og tempoet må opp, meiner ho.

- Her burde regjeringa vore på bana for lenge sidan, det har dei ikkje vore.

- Ikkje nok

Debattleiar Rydland ber om ei handsopprekking. Kven av politikarane kan love at ein innan 2026 skal kunne etablere nye arbeidsplassar som treng kraft på Mongstad?

Alle ni strekte handa i vèret i svar.

Baste Tveito i Nordhordland Næringslag er glad for at alle lovar å få meir straum til Mongstad og har tru på at dei vil halde løftet, men meiner det likevel ikkje er nok.

- Det krevst meir enn det som er lova.

Saka om meir straum til Mongstad er den viktigaste for

Tveito og næringslaget, no når E39 er inne i NTP. Det vil ha mykje å seie for framtida i Nordhordland.

Tveito meiner regionen har vore heldig, og peikar på at ein her har vore lite påverka av finanskrisa. Men no synest han tala byrjar å bli skumle. Regionen har 12.000 tilsette i privat næringsliv, over 5.000 av dei i olje- og gassnæringa.

- Når reduksjonen i næringa kjem, vil det veldig fort bli veldig høg temperatur her. Eg trur at dei neste to åra vil det gå opp for mange kva dette betyr for samfunnet, seier han.

Klar på kva som trengst

Tveito listar opp tre ting han meiner må gjerast for å redde sysselsettinga i Nordhordland.

Først og fremst meiner han at den mest kortsiktige planen, der ein oppgraderer straumnettet og kvittar seg med flaskehalsane, må skje raskare.

- 2026 er to år for seint. Det må prioriterast, og det er mogleg å få det gjort innan 2024, seier han.

Det neste på lista er å endre «førstemann til mølla»-prinsippet når det gjeld fordeling av straumnettet. Det fungerte når det var nok å ta av, men ikkje no lenger, meiner han.

- Politikarane bør sjå til NTP, der den samfunnsøkonomiske nytta takast i vurdering. Dei som har mest verdiskaping per megawatt eller kilowatt i timen, bør vere først i køen.

Sist, men ikkje minst bør ein ha meir straum til kysten. I område som Nordhordland, der det er mange industribedrifter som treng krafta, meiner Tveito at sjøkabel er eit godt alternativ.

- Det kostar meir, men gir mindre inngrep i naturen. Tar det kortare tid å få konsesjon, tar ein òg att det tapte, seier han.

Straumen blir ein unik ressurs i det grøne skiftet. Difor meiner han det er viktig at politikarane legg på press for å få opp farta i arbeidet.